



Betania Knarvik
Juvikstølen 1
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/185 - 17/2579

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
27.01.2017

Svar på førespurnad om grillhytte - gbnr 185/264 isdal

Lindås kommune viser til oversending frå Statens vegvesen, mottatt 17.01.2017, som gjeld søknad om dispensasjon frå byggjegrensa mot fylkesveg 57 for planlagt oppføring av grillhytte på gbnr 185/264.

Eigedomen ligg i område som er omfatta av reguleringsplanen Lonelva – Juvikvarden, planID 1263-200904. Tiltaket ligg innanfor område merka T10 som er sett av til føremålet kyrkje og anna religionsutøving/ område for eksisterande religiøst forsamlingshus. Tiltaket vil slik det er plassert på situasjonsplanen ikkje koma i konflikt med regulert byggjegrense langs fylkesvegen som for dette området går i føremålsgrensa, jf reguleringsføresegnene punkt 3.2.

Etablering av grillhytta er eit tiltak som krev søknad og løyve etter plan- og bygningslova § 20-1. Vi gjer merksam på at den plasseringa som er vist for grillhytta ligg innanfor omsynssone støy, jf skravert område i planen på kartutsnitt. I dette området er det ikkje tillatt å oppføra støykjenslevare bygg utan tiltak som reduserer støynivået på fasade under grenseverdi for raud sone (Lden=65 dB), jf punkt 1.5 og 6.1.2 i reguleringsføresegnene.



Mottatt søknad om dispensasjon frå byggjegrensa er ikkje relevant og krev ikkje handsaming. Saka vert med dette avslutta.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Statens vegvesen Region vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
------------------------------	-------------	------	-----------

Mottakrarar:

Betania Knarvik	Juvikstølen 1	5916	ISDALSTØ
-----------------	---------------	------	----------